

Masteroppgåve i Dokumentar og journalistikk

Ein kvalitativ studie av dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla*
som protestfilm
45 studiepoeng

Olaug Bjørneset
05/2017

Samandrag

Denne masteroppgåva i Dokumentar og journalistikk drøftar kva som knyter dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* (1972) av Oddvar Einarson til den globale opprørsbølgja som starta på 1950-talet og slutta tidleg på 1970-talet – også kalla *dei lange 1960-åra*. Mardøla-aksjonen i Møre og Romsdal i 1970 var ein ikkje-valdeleg protestaksjon mot utbygging av Grytten kraftverk og tørrlegging av Mardalsfossen. Kampen om Mardøla skildrar denne aksjonen – men er også eit debattinnlegg med same agenda som aksjonistane. Det teoretiske rammeverket for oppgåva er henta frå historie og medievitenskap, og føremålet med oppgåva er å sette filmen inn i ein historisk samanheng ved hjelp av eit kvalitativt djubdeintervju med filmskapar Oddvar Einarson, informasjon frå sentrale aktørar og historiske dokument, samt tidlegare forskning. Samtidig er ikkje historia til filmen avslutta, og dei som kjempa for Mardalsfossen har ikkje gitt opp å få fossen fri – 47 år etter utbygginga. Det er difor interessant å sjå på kva som skjer vidare med denne filmen. NRK var opprinneleg oppdragsgivaren til fotografen Oddvar Einarson då han reiste til aksjonsleiren i Sandgrovbotnen i 1970, men Einarson meinte hendinga var større enn at han berre kunne lage eit magasininnslag for ungdomsprogrammet Flimra, som oppdraget gjekk ut på. Han ville lage ein film, og etter kvart braut NRK samarbeidet. Hovudfunna i oppgåva er at filmskaparen sympatiserte sterkt med aksjonistane, i så stor grad at han, og filmen han laga, vart ein del av aksjonen. Både Mardøla-aksjonen og Oddvar Einarson er knytt til aksjonsbølgja i dei lange 1960-åra, samtidig som dei representerte noko nytt: den nye miljørørsla i Noreg. Ein av fleire grunnar til at NRK trekte seg ut av prosjektet, er at filmen vart for subjektiv for dei. Dei har enno ikkje sendt filmen, men har no kjøpt rettane av Oddvar Einarson, og planlegg å sende filmen på TV og gjere han tilgjengeleg digitalt.

Føreord

Mardalsfossen og *Kampen om Mardøla* var inntil i fjor vår berre noko eg hadde høyrte om. Eit år etter har eg laga to innslag for Dagsrevyen, ein minidokumentar for NRK1 og ein eksamensproduksjon om fossen. Filmen *Kampen om Mardøla* har vore sentral i alt dette arbeidet, og det var difor naturleg å lære meir om filmen gjennom denne masteroppgåva. Marit Wadsten var ei av dei første eg ringte til då eg fekk spørsmål om eg ville lage ein minidokumentar om fossen våren 2016 – ho har vore ei stor inspirasjonskjelde i arbeidet, samtidig som ho er hovudperson i filmene. Takk Marit! Folket i Eikesdalen fortener også ei takk, og det er det mange andre som gjer også: Tusen takk til supermann Åsmund og mine gode søner Jonas og Marius for all hjelp og støtte, takk til Mormor, foreldre, svigerforeldre, søster og Karen Brønne for det same. Arbeidet med masteroppgåve og masterproduksjon har foregått ved sida av full jobb i NRK Møre og Romsdal, og eg vil takke gode kollegaer for at dei har vist forståing for stressnivået – ei spesiell takk til dei dedikerte og dyktige fotografane og motivatorane Hans-Olav Landsverk og Roar Strøm. Sist men ikkje minst fortener folka ved Høgskulen i Volda ei stor takk. Rettleiar for oppgåva har vore Rolf Werenskjold: tusen takk for nyttige råd og innspel! Paul Bjerke skal også ha stor takk for å tolmodig svare på alt eg har lurt på undevegs.

Ålesund, mai 2017

Olaug Bjørneset

Innhald

1. Innleiing

Føremål	5
Problemstillingar og oppbygging av oppgåva	6
Teori	7
<i>Nøkkellitteratur</i>	7
<i>Diffusjonsteori</i>	8
Metode	10
<i>Empiri</i>	10
<i>Kvalitative intervju</i>	11
<i>Munnlege kjelder</i>	11
<i>Intervjuform</i>	12

2. Drøfting og analyse

Kvifor kan vi sjå på Mardøla-aksjonen i 1970 som ein del av opprørsbølgja?.....	14
<i>Mardøla-aksjonen</i>	18
<i>Kva knyter aksjonen til opprørsbølgja?.....</i>	19
Korleis blei dokumentarfilmen <i>Kampen om Mardøla</i> ein del av aksjonen?	21
<i>Kunnskapsstadiet</i>	22
<i>Påverknadsstadiet</i>	24
<i>Avgjerdsstadiet</i>	26
<i>Iverksetjingsstadiet</i>	27
<i>Stadfestingsstadiet</i>	29
Kvifor sende ikkje NRK Filmen?	31

3. Oppsummering og konklusjon

Mardøla-aksjonen og opprørsbølgja	33
<i>Kampen om Mardøla</i> som del av aksjonen	34
Rolla til NRK	34
Konklusjon: Kva knyter <i>Kampen om Mardøla</i> til protestbølgja?	35
Litteratur	36
Vedlegg	37

1. Innleiing

Dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* (Einarson, 1972) av Oddvar Einarson har ei turbulent historie. Kampen for å få ferdig filmen var hard. Sjølv om det var NRK som i utgangspunktet sende filmskaparen til aksjonsleiren - har dei i dag - 45 år etter at filmen var ferdig, enno ikkje vist han. Filmskaparen var berre 21 år då han saman med tre andre reiste til Eikesdalen i Møre og Romsdal for å lage eit innslag til NRKs ungdomsmagasin Flimra om Mardøla-aksjonen. Aksjonistane protesterte mot stortingsvedtaket om kraftutbygginga som ville tørrlegge den mektige Mardalsfossen.

Einarson vart så inspirert av tankane til aksjonsleiaren – økofilosofen Sigmund Kvaløy Setreng - at han bestemte seg for å lage ein dokumentarfilm om aksjonen, i staden for innslaget han var sendt ut av NRK for å lage. Dokumentarfilmen er eit historisk dokument – og det er ingen tvil om at filmskaparen er på lag med aksjonistane. Sterke verkemiddel som kopling mellom vasskraftutbygging, aluminiumsproduksjon og Vietnamkrigen gjer det heilt tydeleg at dette er ein dokumentarfilm som er ute etter å få fram at det var feil å bygge Grytten kraftverk (Einarson, 1972).

NRK trekte seg etter kvart ut av produksjonen, og finansieringa blei svært vanskeleg. Einarson trua til slutt med å brenne alt råmaterialet frå aksjonen framfor Stortinget (Brinch & Iversen, 2001, s. 181), og like etter fekk han nok pengar til å fullføre prosjektet. Filmen gjekk på kino i 1972, og skapte debatt.

At det vart ein film trass i alle utfordringane Einarson møtte undervegs, tydar på at det var svært viktig for fleire at denne filmen blei realisert. Det er difor interessant å sjå på kva faktorar i samtida som gjorde at kampen for filmen enda i ein kinodokumentar. Mardøla-aksjonen sommaren 1970 var den første aksjonen i Noreg der det vart brukt sivil ulydnad i kamp for natur. Dette skjedde to år etter proteståret 1968, og det nærliggande å sjå på kva som knyter filmen og filmskaparen til det globale opprøret i *dei lange 1960-åra*.

Føremål

Føremålet med denne oppgåva er å plassere dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* inn ein historisk samanheng, og å finne ut i kva som knyter denne filmen til protestbølgja som varte frå 1950-åra til starten av 70-talet – *dei lange 1960-åra*. Det er 47 år sidan aksjonen oppe på fjellet over Eikesdalen i Møre og Romsdal. Produksjonen eg leverer saman med denne masteroppgåva er også ein dokumentarfilm om kampen for Mardalsfossen, og gjennom arbeidet med denne filmen, samt reportasjar og ein minidokumentar eg laga som NRK-tilsett i 2016, vart eg inspirert til å finne ut meir om

Kampen om Mardøla og regissøren Oddvar Einarson. Eg bruker også fleire klipp frå filmen i eksamensproduksjonen min. Medieproduksjonen har utvikla seg enormt desse åra. Det er er difor lærerikt å sjå på *Kampen om Mardøla* i eit historisk perspektiv.

Historia til dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla*, og sjølve kampen om å få Mardalsfossen fri, er heller ikkje avslutta. Folket i Eikesdalen har enno ikkje gitt opp kampen om å få fossen fri, og filmen er no i ferd med å bli digitalisert av Nasjonalbiblioteket, og vil truleg også innan kort tid bli gjort digitalt tilgjengeleg for alle i mediespelaren til NRK - som altså aldri har vist dokumentarfilmen før.

Problemstillingar og oppbygging av oppgåva

Hovudproblemstillinga for oppgåva er:

Kva knyter dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* til opprørsbølgja i dei lange 60-åra?

Dette vil eg svare på i hovuddelen av oppgåva, gjennom tre underspørsmål:

1. Kvifor kan vi sjå på Mardøla-aksjonen i 1970 som ein del av opprørsbølgja?
2. Korleis blei dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* ein del av aksjonen?
3. Kvifor sende ikkje NRK filmen?

Det første spørsmålet har som siktemål å gje svar på i kva grad aksjonen var ein del av opprørsbølgja. Sjølv om det er filmen som er objektet for denne oppgåva – og ikkje aksjonen – spelar sjølv sagt aksjonen ei stor rolle. For å svare på hovudproblemstillinga er det avgjerande å vite kvar Mardøla-aksjonen plasserer seg i høve til aksjonsbølgja i dei lange 1960-åra. Det andre spørsmålet vil gje svar på korleis filmen blei del av aksjonen – og det tredje spørsmålet vil gje svar på kva faktorar som førte til at filmen ikkje blei vist på NRK – samtidig som eg vil svare på kva som skjer vidare med filmen.

Eg bruker mest plass på underspørsmål nummer to, og analysen av regissøren si rolle. Ved hjelp av kvalitativt djubdeintervju med regissøren analysert utifrå diffusjonsteori, vil eg forsøke å finne ut korleis han blei inspirert til å lage noko heilt anna enn det NRK sende han ut for å lage, og på den måten gjorde filmen til eit debattinnlegg til støtte for aksjonen.

Det siste spørsmålet "Kvifor sende ikkje NRK filmen?" kan nok bli oppfatta som lausrive frå hovudproblemstillinga, men det er blitt hevda at filmen blei for subjektiv for NRK. I dette ligg det at filmen i for stor grad vart ein del av aksjonen, og at det var grunnen til at NRK trekte seg ut av

prosjektet. Svaret på underspørsmål nummer tre vil dermed ha ei direkte kopling til hovudproblemstillinga samtidig som vi får svar på kva som skjer med filmen vidare i NRK.

Oppgåva tar først for seg teori og metodisk tilnærming. I hovuddelen vil eg svare på underspørsmåla i problemstillinga i kronologisk rekkefølge, før eg oppsummerer og konkluderer med kva som knyter *Kampen om Mardøla* til opprørsbølga.

Teori

Det teoretiske rammeverket for denne oppgåva er henta frå historie og medievitenskap. Medievitenskap handlar om å sette produksjon, formidling og resepsjon av medietekstar inn i ein samanheng som gjer fenomenene forståelege (Østbye, Knapskog, Helland, & Larsen, 2002, s 26).

Historikaren Knut Kjeldstadli viser til at vitskapsfaget historie oppstod utan eit reflektert forhold til teori. (Kjeldstadli, 1992), men han argumenterer sterkt for at teoriar er viktige forutsetningar for historiefaget: "Dersom en utelukkende skal bygge på det en finner i kildene, blir enhver forskning i relativt kildefattige perioder i utgangspunktet umulig eller illegitim. Vårt bilde av historien blir da hva som er igjen av den. Hullene i materialet styrer altså forståelsen." (Kjeldstadli, 1992, s 130)

Det er likevel ein fare ved å velge teori på førehand. Det kan føre til at alt som stadfestar teorien blir sett på som viktig, medan det som avkreftar den blir forkasta. Men dersom ein argumenterer ope for val av teori og er opne for andre teoriar og hypotesar, vil teoriane styrke arbeidet.

Historiefaget har minst to siktemål. Vi vil først og fremst finne ut korleis noko faktisk var. Samtidig har vi ein høgare ambisjon. Vi leitar etter årsaker, forklaringar på kvifor eit fenomen oppstår. Her er teoriar nyttige reiskap.

Nøkkellitteratur

Dei lange 1960-åra og spesielt proteståret 1968 er det forska mykje på. I denne oppgåva vil eg bruke doktoravhandlinga til Rolf Werenskjold frå 2011: "That's the way it is? Medienes rolle i proteståret 1968", kapittelet Overflod og framtid frykt i Aschehougs Norgeshistorie av Edgeir Benum som hovudkjelder for å belyse temaet. Dette vil spesielt vere nyttig for å finne ut kva som knyter Mardøla-aksjonen til det globale opprøret.

I "Virkelighetsbilder" av Sara Brinch og Gunnar Iversen (Brinch & Iversen, 2001), har Gunnar Iversen skrive "Den samfunnskritiske dokumentaren – Om Oddvar Einarsons Kampen om Mardøla." Her blir

dokumentarfilmen presentert og analysert. Denne artikkelen bruker eg som støtte til kjeldevurdering - for å kvalitetssikre empirien, både i forkant og etterkant av dei kvalitative intervju - samtidig gir artikkelen god innsikt i produksjonen av filmen og plasserer den inn i dokumentarfilmhistoria – og teorien.

NRK hadde ei viktig rolle i startfasen av filmproduksjonen, og dei har no også kjøpt rettane til filmen (vedlegg 6), slik at han no *kan* bli vist på NRK for første gang sidan filmen var ferdig i 1972.

Litteraturen eg i hovudsak brukar til å kaste lys over NRK si rolle er Ketil Jarl Halse og Helge Østbye: Norsk Kringkastingshistorie (Halse & Østbye, 2003).

Metodebøkene som ligg til grunn for oppgåva er "Metodebok for mediefag" (Østbye et al., 2002), "Fortida er ikke hva den en gang var" (Kjeldstadli, 1992) og "Mediepåvirkning" (Waldahl, 1999).

Diffusjonsteori

Diffusjonsteori vil bli brukt til å analysere regissøren si rolle i Mardøla-aksjonen, og svare på underspørsmål nummer to. Diffusjonsforskning er ein forskingstradisjon med utviklingssosiologen Everett Rogers i sentrum. Denne tradisjonen er kort summert opptatt av: "prosesser som *kommuniserer* en *nyvinning* til medlemmene i et sosialt system over en viss tid" (Waldahl, 1999, s 141).

Diffusjonsforskninga bygger på tostegshypotesen, som igjen er eit steg vidare frå stimulus-respons-teori.

Diffusjonsteorien er tradisjonelt brukt for å forske på spreiding av teknologiske nyvinningar, men Ragnar Wahldal slår fast at det prinsipielt er få avgrensingar for kva diffusjonsforskninga studerer: det kan vere ein fysisk gjenstand, ein praksis, eller eit prinsipp (Waldahl, 1999, s 141). Nyvinninga har som regel både ein *idékomponent* og ein *objektkomponent*. Ved å godta ein idékomponent trengs det vanlegvis ikkje særleg forpliktande avgjerder – å godta at ein protestaksjon kan vere nødvendig for å endre samfunnet, kan vi sjå på som idékomponenten i spreiding av opprørsbølga i dei lange 1960-åra, medan objektkomponenten er meir forpliktande – det er den materielle eller fysiske delen av nyvinninga. Dersom du sjølv deltek i protestaksjonen, har du godtatt objektkomponenten.

Vidare er diffusjonsteorien avhengig av kva samfunn og sosialt system gjenstanden, praksisen eller prinsippet skal spreidast i: "... , det er påvist at spredning skjer lettere i samfunn med et godt utbygd kommunikasjonssystem, gode forbindelser til andre sosiale systemer, høyt teknologi- og utanningssnivå og en positiv innstilling til endring, enn i samfunn preget av motsatte kjennetegn." (Waldahl, 1999, s 141)

Tidsaspektet er fråverande i tostegshypotesen, men i diffusjonsforskning er dette ein viktig faktor for å analysere det komplekse i kommunikasjonsprosess og adopsjon av idear. Tid blir inkludert i teorien på tre måtar (Waldahl, 1999, s 142): på individnivå (mikronivå), på samfunnsnivå (makronivå) og det tredje nivået er kor langt ein diffusjonsprosess er komen i ulike sosiale system – kor mange prosent av folket i Noreg har smarttelefon samanlikna med til dømes Polen.

Å akseptere noko nytt tek vanlegvis tid, og Everett Rogers deler denne prosessen inn i fem stadium:

- **Kunnskapsstadiet** der folk får kunnskap om nyvinninga på ulike nivå: merksemd-kunnskap, korleis-kunnskap og prinsipp-kunnskap.
- **Påverknadsstadiet** der folk dannar seg ei haldning – positiv eller negativ – til nyvinninga.
- **Avgjerdsstadiet** der folk tar stilling til om dei vil avvise eller akseptere nyvinninga. Dersom utprøving i mindre målestokk er muleg, vil vil nyvinninga truleg bli akseptert og spreidd raskare.
- **Iverksetjingsstadiet** der prosessen går frå å vere av mental karakter til å krevje handling, forplikting og ansvar.

Waldahl (1999, s 143-144) peikar på at verken aksept eller forkasting av nyvinninga er endelege avgjerder som aldri vil endre seg. Difor er det også eit stadium til i teorien:

- **Stadfestingsstadiet**, der det framleis skjer endringar. Det er inga konkret grense for når dette stadiet sluttar, men det skjer oftast når nyvinninga ikkje lenger er ny, men ein naturleg del av personen eller samfunnet.

Tidsaspektet er altså viktig i difusjonsprosessen. Medlemmene i sosiale system tar i bruk nyvinningane på ulike tidspunkt – og teorien opererer vanlegvis med fem adopsjonsgrupper. Desse finn ein ikkje så ofte i reindyrka form – men ved å dele det inn på denne måten, kan ein lettare forstå korleis prosessen med spreining av nyvinningar skjer, og kva eigenskapar som kjenneteiknar aktørane. (Waldahl, 1999, s 45). Dei fem adopsjonsgruppene blir dermed eit hjelpemiddel for å forstå ein usynleg prosess, og kan forenkla beskrivast på denne måten:

- Innovatørane (2-3 prosent av folket) – *dristige* og orienterte mot det nye og ukjende
- Tidlege brukarar (13-14 prosent av folket) – *respektable* opinionsleiarar
- Den tidlege majoritet (35 prosent av folket) – *forsiktige* og avventande, men avgjerande for at prosessen skal ta av
- Den seine majoritet (35 prosent) – *skeptiske* og lite motiverte til å ta i bruk det nye

- Etternølarane (15 prosent) – *tradisjonelle*, dei siste som tek i bruk det nye

Når ein skal ta i bruk denne teorien for å sjå på korleis massemedia påverkar i kommunikasjonsprosessen, er det særleg skiljet mellom massekommunikasjon og personleg kommunikasjon som er utfordringa der ein veit for lite. I alle stadium i prosessen vil begge kommunikasjonsformene vere til stades, men Waldahl peikar på at dei har forskjellige tyngdepunkt:

Massemediene spiller størst rolle i innledende faser av prosessen, når kunnskap om nyvinningen spres, og når det gjelder å få informasjon om det nye. Personlig kommunikasjon er viktigere på påvirkningsstadiet, hvor folk danner sin egen mening om nyvinningen. Også på senere stadier har personlig kommunikasjon fortrinn, men mot slutten av prosessen er personlig erfaring viktigere enn kommunikasjon sett under ett.

I denne oppgåva er dei fem stega i diffusjonsteorien brukt for å analysere korleis regissøren av filmen vart inspirert av det som skjedde i verda rundt han – og korleis dette enda opp i ein samfunnskritisk dokumentarfilm to år etter aksjonen.

Metode

Det er kvalitative metodar som ligg til grunn for denne oppgåva. For å finne svaret på det første underspørsmålet brukar eg komparativ metode ved å drøfte kva som knyter Mardøla-aksjonen til opprørsbølgja ved å samanlikne denne konkrete aksjonen med tidlegare forskning på opprørsbølgja.

Det andre underspørsmålet svarer eg på ved å analysere dei kvalitative intervjua, og her bruker eg dei fem nivåa i diffusjonsteorien for å systematisere analysen.

Det tredje underspørsmålet drøftar eg utifrå tidlegare forsikning og innsamla empiri.

Empiri

Kvalitative intervju med filmskaparen Oddvar Einarson (vedlegg 1) og Kalle Fürst (vedlegg 2) er hovudempirien i denne oppgåva. Intervjua vil primært bli brukt i den delen av analysen der eg ser på rolla til regissør Oddvar Einarson. Djubdeintervjuet med Einarson blir det viktigaste, medan intervjuet med Kalle Fürst, som var ein av oppdragsgjevarane til Einarson i NRK, er supplerande. Kalle Fürst hadde ei sentral rolle i Flimra, og intervjuet med han er gjort både for å kontrollere opplysningar, men også for å få eit bilde av kva forhold denne redaksjonen hadde til opprøra.

Kvalitative intervju

Dei to kvalitative intervju er gjort for å finne ut meir om motiva bak produksjonen av *Kampen om Mardøla*. Hovudinformaten er Oddvar Einarson, regissøren av filmen, medan eg har gjort eit supplerande kvalitativt intervju med Kalle Fürst, som jobba for NRKs ungdomsredaksjon *Flimra*, oppdragsgjevaren til Einarson i 1970. Fürst og Einarson vil bli nærare presentert i hovuddelen av oppgåva.

Kvalitative intervju kan generere kvantitative data (Østbye et al., 2002, s 99), men i denne oppgåva bruker eg intervju til å få fram kvalitativ informasjon om produksjonen av filmen og målet med produksjonen. Samtidig er målet at intervju skal gi ny innsikt i historia om filmen og tilknytninga til opprørsbølgja i dei lange 1960-åra.

Kvalitative intervju blir trekt fram som spesielt eigna til å få fram kunnskap frå nær historie i boka *Metodebok for mediefag*: " Metoden kan også brukes til historiske analyser av fenomener som ikkje ligger for langt tilbake i tid, enten det gjelder publikums opplevelser, politiske overveielser og beslutninger eller medieorganisasjoner og medieaktørers tidligere virksomhet" (Østbye et al., 2002, s 99). Forfattarane trekker også mellom anna fram at kvalitative intervju kan gi oss informasjon vi elles ikkje får tilgang til, kan få kartlagt prosessar og sosiale relasjonar, og at vi får prøve ut eigne metodar og forståingar. Det er altså mange fordelar med kvalitative intervju som metode, dersom ein er merksame på ulempene. Eg vil no ta for meg nokre av svakheitene med kvalitative intervju som metode.

Munnlege kjelder

Historikaren Knut Kjeldstadli skil mellom minner og tradisjon når han skal skildre dei munnlege kjeldene i historiefaget (Kjeldstadli, 1992, s 184). Minner er erindringar om eigne opplevingar, medan tradisjon er overlevert gjennom eitt eller fleire ledd. Når Oddvar Einarson og Kalle Fürst snakkar om det som skjedde i 1970, er det i følge denne definisjonen, minner. Og sjølv om forskning tyder på at langtidshukommelsen er overraskande stabil, er det andre utfordringar med minner. På same måte som ei masteroppgåve i mediehistorie ikkje kan ta opp absolutt den heile og fulle sanninga om alt som skjedde under produksjonen av ein film, konstruerer også menneskehjernen eit minne vi kan leve med sjølve, og fortelje vidare til andre. Erindring er ein prosess, og minnet som er skapt om ei hending er farga av både personen som opplevde hendinga, og erindringsprosessen.

Men informantane i denne oppgåva er førstehandskjelder. Oddvar Einarson laga filmen og Kalle Først jobba i barne- og ungdomsavdelinga til NRK i 1970. Dei fortel om det dei opplevde, og informasjonen har ikkje gått gjennom fleire ledd og blitt til fleire høns, sjølv om dei nok ikkje huskar alt like klart som om det var i går, og deira oppfatning av fortida er også påverka av tida og utviklinga dei og samfunnet har gått igjennom desse 47 åra.

Det andre problemet i høve kvalitative intervju som historisk metode, er at innsamlinga av data går føre seg ved hjelp av personar som handlar strategisk. Dette er det viktig å vere klar over i analysen av materialet. Alle menneske ser historia frå sin eigen ståstad, og det er grunn til å ta opplysningane med "en klype kildekritisk salt", som Kjeldstadli minner om, og eg held meg til hans tre råd for å bedømme kjeldene. Her oppsummert og forkorta (Kjeldstadli, 1992, s 172):

1. Vurder den indre konsistensen til kjelda.
2. Sett kjelda opp mot andre kjelder.
3. Er kjelda i samsvar med den større samanhengen og annan kunnskap? Vurderinga av ei kjelde skjer knapt nokon gong isolert.

Knut Kjeldstadli peikar på at munnlege kjelder kan gi opplysningar på individnivå, innleving, motverke systematisk skeivheit i skriftlege kjelder, og gi opplysningar du ikkje finn andre stader. Men som han skriv: "Det betyr ikke at andre kilder kan unnværes. Dokumentfetisjismen kan ikke erstattes med en intervjufetisjisme. Det betyr heller ikke at muntlige kilder er så unike at bruken av dem ikke skal underkastes ordinære kildekritiske regler. (Kjeldstadli, 1992, s 187).

Intervjuform

Av praktiske årsaker måtte eg gjere intervju per telefon. Dette er sjølvsagt avgrensande i høve til kommunikasjon via kroppsspråk, men det er ikkje slik at telefonen er framand for informantane og skaper store utfordringar i intervjusituasjonen. Eg gjorde opptak av intervju, etter avtale med informantane (vedlegg 4 og 5). Eg gjorde det også klart før opptaket om eg kunne sitere informantane under fullt namn. I denne samanhengen var det avgjerande for å kunne bruke data frå intervju på ein fornuftig måte, sidan dei to eg intervju var sentrale i produksjonen av *Kampen om Mardøla* og i barne- og ungdomsavdelinga til NRK. Eg gjorde avtale om at eg kunne ringe tilbake i etterkant dersom noko var uklart, og det viste seg å vere nyttig i høve til hovudintervjuet med Oddvar Einarson der det viste seg at eg ikkje oppfatta alt han sa av namn og stadnamn.

Målet med å bruke kvalitative intervju vil vere forskjellig frå prosjekt til prosjekt. I denne oppgåva er altså formålet å få ny kunnskap om produksjonen av filmen *Kampen om Mardøla*, samtidig som eg vil finne ut meir om kva motiv aktørane hadde, og kva forhold dei hadde til opprørsbølgja.

Det er djubdeintervjuet med Oddvar Einarson som er viktigast, intervjuet med Kalle Fürst gjorde eg for å få meir informasjon, og å få stadfesta data frå intervjuet med Oddvar Einarson.

Der vanleg å skilje mellom tre typar kvalitative intervju (Østbye et al., 2002, s 101): *ustrukturerte intervju*, *semistrukturerte intervju* og *strukturerte intervju*.

Intervjuet med Oddvar Einarson er semistrukturert. Eg hadde forberedt meg godt, kunne mykje om filmen, historia og temaet før eg sette i gang med å utforme spørsmåla, og visste kva eg ville spørje om og i stor grad kva rekkefølge. Eg utarbeida ein intervjuguide før intervjuet (vedlegg 3), og var klar på kva eg ville ha svar på. Informanten hadde også fått skriftleg beskjed god tid i forkant om kvifor eg ville intervju han og kva samanheng det skulle brukast.

Tidspunktet var også avtalt i god tid på førehand så vi ikkje risikerte å bli avbrotne i intervjusituasjonen. Eg fokuserte på å dyrke samtaleformen, og prøve å bruke mest muleg aktiv lytting og å stille oppfølgingsspørsmål der det passa seg. Informanten hadde mykje å fortelje om saka, og hadde også tydeleg førebudd seg godt, så samtalen gjekk fint.

Begge informantane var også tydelege på kva dei ikkje huska så godt, spesielt når dei fekk oppfølgingsspørsmål som var vanskelege å svare på. Dette viser også at det er viktig å følge opp med kontrollspørsmål og oppfølgingsspørsmål av tre årsaker. For det første kan det gi ny informasjon som informanten ikkje kom på i første omgang, for det andre kan det teste kor gyldig det informanten huskar er, og for det tredje vil det vere bra for å få intervjuet til å gli som ein samtale at den som intervjuar viser at han eller ho høyrer etter og er interessert i det som informanten har å fortelje.

Det var altså eit bevisst val å bruke semistrukturert intervjumetode under intervjuet med Oddvar Einarson. Denne metoden passa best til det eg ville oppnå med intervjuet. Strukturerte intervju passar best dersom du skal intervju mange personar og samanlikne svara, medan eit ustrukturert intervju truleg ville ført til at eg gjekk glipp av viktig informasjon.

Ved kvalitative intervju er det viktig å unngå ledande spørsmål og å styre samtalen for mykje. Samtidig var det viktig for meg å få svar på det eg lurte på, så innimellom stilte eg nok spørsmål som kunne

oppfattast som ledande, eller eg valde å styre informanten tilbake til eit emne eg meinte vi ikkje hadde fått utdjupa nok – før vi mista tråden heilt.

Eg gjorde opptak av begge intervjua og transkriberte dei etterpå (vedlegg 1 og 2). Dette blei informantane opplyste om på førehand. Eit intervju som blir tatt opp og transkribert er meir tilgjengeleg for analyse i etterkant, enn om du berre noterer stikkord undervegs. Informasjon som i utgangspunktet var tenkt på som irrelevant, kan vise seg å bli viktig etter kvart som ein får meir kunnskap om temaet.

2. Drøfting og analyse

Denne delen av oppgåva er tredelt. Eg tar for meg dei tre underspørsmåla eg stilte i innleiinga, i kronologisk rekkefølge – først vil eg sjå på kva som knyter aksjonen til opprørsbølgja, så vil eg analysere rolla til regissøren og filmen utifrå dei kvalitative intervjua, før eg ser på NRK si rolle.

Kvifor kan vi sjå på Mardøla-aksjonen i 1970 som ein del av opprørsbølgja?

For å finne svar på kvifor Mardøla-aksjonen kan definerast som ein del av opprørsbølgja, vil eg først vise til kva tidlegare forskning meiner opprørsbølgja var, og korleis bølgja spreidde seg, før eg samanliknar dette med Mardøla-aksjonen.

Dei lange 1960-åra i hovudproblemstillinga viser til at sjølv om 1968 var det året protestbølgja toppa seg, så var det ikkje berre dette eine året dei globale protestaksjonane fann stad. Historikaren Arthur Marwik (Werenskjold, 2011, s 13) peikar på at det er talsmennene for opprøret som har hamra årstalet 1968 inn i *den historiske normalitet*. Det globale 1968-opprøret skjedde ikkje berre dette eine året, men var høgdepunktet i raseribølgja i etterkrigstida. Det var svært mange opprør over heile verda i 1968, og ifølgje Rolf Werenskjold veit vi om 2479 protestaksjonar dette året. 1968 var altså eit spesielt år, men som eg peikar på i innleiinga, viser forskinga på emnet til *dei lange 1960-åra* – frå 1950 fram til starten av 1970-åra. Denne perioden skil seg frå åra før og åra etter på ein måte som kan definerast som eit brot. Samtidig peikar Werenskjold på at protestrørsla er eldre enn det:

På den andre side fulgte 1960-årenes protestbevegelse en eldre protesthistorie både med hensyn til aksjonstypologi og idéhistorie. 1968-bevegelsen var et foreløpig høydepunkt i historien til nye sosiale opposisjonsbevegelser. I en større sammenheng er både brudd og kontinuitet i 1968 viktig for å forstå de nærmere årsakene til protestbevegelsene. (Werenskjold, 2011, s 13)

Han slår også fast at opprøret og protestane som fenomen ikkje var eintydige, og at dei ikkje ga seg like sterke og valdelege utslag over alt. Protestbølgja i dei lange 60-åra er eit samansett globalt fenomen, og for å finne svaret på om Mardøla-aksjonen er ein del av denne bølgja, vil eg no sjå på kva som kjenneteiknar denne tidsperioden.

Den britiske marxistiske historikaren Eric Hobsbawm kallar åra frå 1945-1990 for "Den sosiale revolusjonen". Han viser til at denne perioden er den mest dramatiske, raskaste og største omveltinga i historia til menneska:

Det gikk en stund før man la merke til – og enda lenger før man greide å måle – hva endringene i den kvantitative materielle veksten betydde for de kvalitative omskiftelsene i livet, selv i disse delene av verden. Men for det meste av kloden var endringene både plutselige og seismiske. For 80 prosent av menneskeheten sluttet middelalderen brått i 1950-årene, eller kanskje enda bedre, de *følte* at den endte i 1960-årene. (Hobsbawm, 1997, s 294)

Hobsbawm meiner at "bondestandens endelikt" er det som for alltid vil skilje oss frå dei som levde før. Sjølv i industrialiserte land (utanom Storbritannia) var det flest menneske som levde av landbruk eller fiske til langt inn i det 20. århundredet. Like før andre verdskrigen var det mellom 35 og 50 prosent av folket som levde av jordbruk, husdyrhald og fiske i Frankrike, Sverige og Australia. I Tyskland og USA hadde det gått bratt nedover med primærnæringane, men framleis var det ein av fire som livnærte seg som bønder også der. Men i starten av 1980-åra fanst det ikke ei eneste land vest for "jernteppet" som hadde meir enn ti prosent av arbeidsstokken sysselsett i landbruket. (Hobsbawm, 1997, s 296)

Industrialiseringa av jordbruket førte folket vekk frå landsbygda og inn i byane, og mange av dei nye yrka sette krav til vidaregåande høgare utdanning. Hobsbawm trekkjer spesielt fram universiteta, og kallar det ein eksplosjon i talet på folk som søkte seg dit. Før andre verdskrigen var dette ei marginal og ubetydeleg gruppe, bortsett frå i USA: Tyskland, Frankrike og Storbritannia var før andre verdskrigen tre av dei landa med flest universitetsstudentar. Men av ei befolkning på 150 millionar, var det berre 150 000 universitetsstudentar – altså 0,1 prosent. Men mot slutten av 1980-åra var det ikkje uvanleg at 2,5 prosent av heile befolkninga studerte ved universiteta. (Hobsbawm, 1997, s 301) Alt dette skjedde brått. Mellom 1960-1980 blei talet på studentar tre- eller firedobla i dei velutdanna delane av Europa. Og infrastrukturen sto ikkje klar til å ta imot den store auken i studentmassen. Hobsbawm meiner difor at dette bidrog til å skape ei spenning i gruppa i seg sjølv. Før hadde det vore eit privilegium og løn i seg sjølv å få studere ved universiteta, men etter kvart vaks det fram ein aukande motstand mot dei vaksne

og universitetet, som sette begrensingar og framsto som autoritære. Og Hobsbawm peikar på at motstand mot ein autoritet, lett blir utvida til motstand mot ein annan. Når dei fleste i denne gruppa var ungdom rundt 20 år, meiner Hobsbawm det forsterka opprørsbølga:

Grupper av ungdom som ennå ikke er blitt etablerte voksne, er tradisjonelle tilholdssteder for høy stemning, opprør og uorden, hvilket til og med universitetsrektorer i middelalderen var klar over, og revolusjonære lidenskaper er mer vanlige hos 18-åringer enn hos 35-åringer, som generasjoner av borgerlige foreldre i Europa hadde fortalt generasjoner av skeptiske sønner og (senere) døtre.

(Hobsbawm, 1997, s 305)

Spesielle forhold i ulike land forsterkar opprøret som Vietnam-krigen i USA, rasemotstand i Peru, men han presiserer likevel at fenomenet er generelt, og at studentopprøret "smitta" over på andre grupper i samfunnet – som til dømes arbeidarar med låg løn – og at "smitteeffekten" førte til at også dei brukte protestaksjonar for å nå måla sine.

Rolf Werenskjold viser til tre paradigmer, eller hovudforklaringar som dei fleste studiane av 1968-opprøret peikar på for å forklare fenomenet (Werenskjold, 2011, s 11):

1. Eit generasjonsopprør
2. Eit studentopprør
3. Som uttrykk for opplevinga av krise i dei vestlege demokratia og i det internasjonale systemet mot slutten av 1960-åra.

Han meiner mange av studia av 1968 er prega av politiske haldningar for eller imot opprøra, og at få har klart å forklare massemonstringa verda rundt dette året. "Både den eksisterende forskningslitteraturen og de funnene som er gjort i denne avhandlingen viser at 1968 var et helt ekstraordinært år. *Opprørsbølgen* var et realhistorisk fenomen som kom til uttrykk gjennom omfattende protester verden rundt."

Werenskjold viser til at protestane var komplekse og samansette, og at det ikkje fins ei felles kjerne. Der Hobsbawm altså hevdar at det ikkje er nødvendig å forklare dei forskjellige opprøra for seg – meiner Werenskjold at protestane var meir enn generasjonsopprør mot Vietnamkrigen og universitetsreformer, det var heller ikkje berre venstresida som gjorde opprør. Den kraftige bølga av protestar som toppa seg i 1968 femna breitt og komplekst. Han meiner det blir for lett vint å forstå dette berre som eit generasjonsopprør eller som opprør mot autoritetar:

Å framheve forståelsen av fenomenet som et opprør mot autoriteter sier egentlig ikke så mye om det som var spesielt ved opprøret, eller protestene nettopp i 1968. Hvis man spør hvem andre enn autoritetene man skulle rette opprøret eller protestene mot, viser det hvor lite betegnelsen egentlig sier om opprørets karakter. Opprør har til alle tider vært rettet mot autoriteter. (Werenskjold, 2011, s 11)

Det var ikkje berre urbanisering, industrialisering og ein eksplosjon av folk som skulle ha høgare utdanning som prega etterkrigstida. Dei store omveltingane denne tida inkluderer også massemedia – og kanskje spesielt den sterke trua på påverknadskrafta til aviser, radio og TV. Werenskjold viser til at forskingslitteraturen ofte peikar på at media spelte ei avgjerande rolle i politiske endringar og utvikling, utan at dette er analysert og dokumentert i god nok grad. "Det finnes ingen studier av den globale nyhetsstrømmen i 1968 med hensyn til medieomtalen av protestbegivenhetene rundt om i verden. Medienes rolle i diffusjonsprosessen er i all hovedsak tatt for gitt uten empiriske studier."(Werenskjold, 2011, s 470) I avhandlinga si får han fram at det er lite fakta i forskingslitteraturen som støttar den generelle oppfatninga av at det er ein direkte samanheng mellom medieomtalen og spreiding av protestane over landegrensene i 1968. Gjennom ein analyse av 15 kjende protestaksjonar dette året, viser Werenskjold at berre eit lite fåtal førte til dokumenterbare sympatidemonstrasjonar eller protestar i andre land. (Werenskjold, 2011, s 421-462) "I kun tre av tilfellene er det en høy grad av sammenheng mellom begivenheter, forutgående medieomtale og spredning av protester til mange land i etterkant. Dette gjelder sympatiaksjoner til støtte for studenter og arbeidere i Frankrike under mai-opprøret, protestene mot attentatet mot Rudi Dutschke og protestene mot den sovjetiske invasjonen i Tsjekkoslovakia"(Werenskjold, 2011, s 463)

Werenskjold konkluderer med at dei tre hendingane som fører til størst grad av påverking over landegrensene, alle var blant dei som fekk størst mediemerksemd i 1968. Men vi kan likevel ikkje konkludere med at brei mediedekning fører til fleire sympatiaksjonar.

På tross av omfattende medieomtale av opprøret i Frankrike gjennom hele mai og juni måned, var det ikke en eneste sympatiaksjon i Norge for franske studenter og arbeidere. I Norge var det kun protestene mot attentatet mot Rudi Dutschke og den sovjetiske invasjonen i Tsjekkoslovakia som utløste gatedemonstrasjoner og massemønstringer.

Han antyder at både omfang av mediedekninga og *framingen* til media ved dei ulike aksjonane også spelar ei rolle. Når det gjeld den sovjetiske invasjonen var framingen i pressefotoa negative til Sovjet og

dei andre landa som deltok i invasjonen, medan dekkinga av opprøra i Frankrike var meir balanserte og samansette. Desse få eksempla frå den omfattande avhandlinga til Werenskjold viser altså at media i ulik grad hadde gjennomslagskraft, men at smitteeffekten ikkje er så generell og eintydig som tidlegare forskningslitteratur har gått utifrå.

Mardøla-aksjonen

Bakteppet for Mardøla-aksjonen og dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* er altså at Stortinget i 1970 vedtok å bygge Eikesdal/Grytten kraftanlegg. For at utbygginga skulle bli lønsam, måtte den mektige Mardalsfossen ofrast, kan vi lese i sakspapira frå Stortinget:

Østre Mardøla vil få sterkt redusert vannføring, hvorved den kjente Mardalsfoss praktisk talt forsvinner. Tilløpet til fossen utgjør i dag 61, 3 millioner kubikkmeter per år i gjennomsnitt. Etter den foreslåtte utbyggingen vil tilløpet være 2,7 millioner kubikkmeter i snitt. Det vil si 4,3 prosent av det opprinnelige" (Industridepartementet, 1970, s 9)

Konsekvensane av utbygginga var store for folk i Eikesdalen – både jordbruk, fiske og turistnæring vart skadelidande. Folket i Eikesdalen meinte også at dei var blitt lova at det ikkje skulle bli tatt vekk meir vatn frå dalen etter Aura-utbygginga på slutten av 50-talet. Men dette valde fleirtalet i industrikomiteen å sjå vekk frå:

Flertallet vil understreke at det har forståelse for de forventinger om utbygginger i Eikesdalen som gjør seg gjeldende i distriktet. Når det gjelder uttalelsen fra Hovedstyret i 1958 i forbindelse med Aura-utbyggingen om at ytterligere overføringer ikke burde komme på tale, viser flertallet til departementets uttalelse (proposisjonens side 41).(Industrikomiteén, 1969-1970, s 510)

Og departementet meinte at ein slik uttale utan vedlegg ikkje kunne hindre framtidige storting i å gi løyve til fleire vassoverføringar frå Eikesdalen. Industrikomiteen voterte også over forslaget om å legge kraftstasjonen til Eikesdalen, slik at vatnet kunne halde fram med å renne ned dit, men det alternativet blei nedstemt med 7 mot 5 stemmer i komiteen.

Fossen hadde vore ein turistattraksjon i lang tid alt, og i stortingsvedtaket var det difor ein viktig føresetnad at fossen vart delvis open i turistsesongen, sjølv om det ville koste mykje. Dette var seinare løyst ved å bygge sluser oppe på fjellet, slik at litt av vatnet i fossen kunne ledast ned til Eikesdalen to månader kvart år. 18. juni 1970 vedtok Stortinget etter ein oppheita debatt å bygge Grytten kraftstasjon - med 88 mot 41 stemmer. (Stortingstidende, 1969- 1970, s 3679)

Det var dette som førte til Mardøla-aksjonen sommaren 1970. Folket i Eikesdalen protesterte kraftig mot utbygginga - til inga nytte. Men så fekk dei støtte frå akademikar- og studentmiljøet i Oslo. Aksjonen i Sandgrovbotnen i Møre og Romsdal sommaren 1970 hadde sitt utspring frå universitetsmiljøet i Oslo. Filosofen, nærare definert økofilosofen, Sigmund Kvaløy (seinare Sigmund Kvaløy Setreng) sto i spissen for aksjonen og grupperinga *Samarbeidsgruppene for natur- og miljøvern* som blei stifta i 1969 (Benum, 1998, s 32). Det kjende biletet av filosofen Arne Næss, som blir boren bort frå aksjonsleiren av politiet, har ført til at mange trur det var han som leia aksjonen, men det var det altså ikkje. Biletet av Næss er også med i *Kampen om Mardøla*, men der kjem det tydeleg fram at det er Sigmund Kvaløy Setreng som er mannen bak aksjonen. Setreng var sterkt kritisk til industriveksten, og meinte veksten måtte stoppe før det var for seint å berge økosystemet.

Den 26. juli tok demonstrantane seg inn i fjellheimen i Møre og Romsdal til Sandgrovbotnen for å hindre utbygginga av Mardøla-vassdraget. Folk frå andre land deltok også i aksjonen, nokre av dei hadde høyrte om det som skjedde under festivalen Moldejazz og reiste inn til Eikesdalen for å bidra (Einarson, 1972). Storparten av bygdefolket i Eikesdalen sette pris på støtta frå aksjonistane, fleire av dei deltok også i aksjonen sjølve. Demonstrasjonen enda i nederlag, men skapte merksemd og store overskrifter nasjonalt. Historikaren Edgeir Benum meiner Mardøla-aksjonen illustrerer at 1970-åra sin nye samfunnskritikk og nye rørsler hadde røter i åra før EF-striden her i Noreg. Dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* har også blitt sett på som eit innlegg i den norske EF-debatten. Med dei nye rørsleane i 1970-åra viser Benum mellom anna til den nye miljøvernørsla som var opptatt av samspelet mellom alle levande organismar og miljøet dei lever i.

Kva knyter aksjonen til opprørsbølgja?

Dersom vi tar for oss tidsavgrensinga av dei lange 1960-åra, så kan vi sjå på Mardøla-aksjonen som ein del av denne opprørsbølgja. 1968-opprøra var ikkje berre 1968 – sjølv om dette året er definert som høgdepunktet i opprøra etter andre verdskrigen. Opprøra starta tidleg på 50-talet og varte til starten av 70-talet. Dei norske opprøra var som eit svak ekko av dei største opprøra ute i verda, og Mardøla-aksjonen hamnar i denne kategorien. Werenskjold viser til at protestaksjonane i Noreg i 1968 fungerte som ei innleiing til ein mildare variant av fenomenet i dei tidlege 1970-åra. (Werenskjold, 2011, s 307)

Forskinga på emnet viser også at opprøra varierte i tematikk, aksjonsform og kva grupper som gjekk til aksjon. Aksjonane i dei lange 1960-åra var ikkje reine generasjonsopprør, eller studentopprør. Mardøla-aksjonen hadde sitt utspring frå universitetsmiljøet i Oslo – bygdefolket i Eikesdalen, hadde protestert

før dette – men sjølve aksjonen var det akademikarane som sto bak. Økofilosofen Sigmund Kvaløy Setreng hadde ikkje-valdsfilosofien til Gandhi som ledetråd, så demonstrasjonen gjekk stort sett føre seg i rolege former, men det var like fullt ein ulovleg protest mot statsmakta der aksjonistane lenka seg fast til fjellet for å hindre anleggsmaskinene i å gjennomføre eit lovleg fatta stortingsvedtak om å bygge eit nytt kraftverk. Sjølv om vald prega mange av aksjonane i dei lange 1960-åra, er heller ikkje dette eit kriterium som passar på alle demonstrasjonane verda over desse åra. Det at demonstrasjonen var fredeleg, ekskluderer han altså ikkje frå å passe inn som ein del av opprørsbølgja. Benum peikar tvert i mot på at studentopprøret som kom til Universitetet i Oslo i 1968, og raskt spreidde seg til andre universitet og utdanningsinstitusjonar, var kjenneteikna av eit sterkt engasjement som aldri fekk valdelege utslag som i Paris, Berkeley eller Berlin.

Den globale protestbølgja som toppa seg i 1968 var også prega av at demonstrantane blei møtt av politimakt. Dette kjenneteiknet finn vi også igjen i Sandgrovbotnen i 1970. Demonstrasjonen var ulovleg, og politiet kom for å fjerne demonstrantane.

Opprørsbølgja i dei lange 1960-åra er ikkje berre venstreradikale studentar som kjempar mot universitetsprofessorar og Vietnamkrigen. Det er heller ikkje berre ein kamp mot autoritetar, men kan vi dermed slå fast at Mardøla-aksjonen er ein del av denne bølgja?

Samanlikninga over viser altså at vi på den eine sida kan seie at Mardøla-aksjonen i stor grad er ein del av opprørsbølgja i dei lange 1960-åra. Men det går sjølvstøtt an å definere dette annleis. Benum peikar på at nye samfunnskritiske rørsler sprang ut frå universitetsmiljøa på slutten av 60-talet – organisasjonar som jobba langsiktig mot måla sine. Samarbeidsgruppene for natur- og miljøvern var ei av desse rørslene (Benum, 1998, s 34).

Altså kan vi slå fast at Mardøla-aksjonen ikkje berre var ein einskild aksjon, men ein del av den nyutvikla miljøvernørsla på 70-talet. Naturvern fekk sitt gjennombrudd på 60-talet i Noreg, men økologi og miljø var noko meir enn klassisk naturvern. Kvar enkelt bit av økosystemet var viktig for at heilskapen skulle fungere. Tørrlegging av Mardalsfossen ville i denne samanhengen gi store konsekvensar for fisk- og planteliv, og aksjonen kan difor også definerast som starten på den nye miljøørsla i Noreg – og som forløparen til den meir kjende Alta-aksjonen i 1979.

Mardøla-aksjonen var altså starten på noko nytt. Samtidig vil det nok vere nærliggande å sjå tilbake på opprørsbølgja i åra før, for å finne årsaka til at det var sivil ulydnad som vart verkemiddelet for å verne naturen i Sandgrovbotnen i 1970.

Korleis blei dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* ein del av aksjonen?

Denne delen av oppgåva er basert på dei kvalitative intervjuet eg har gjort, med hovudvekt på djubdeintervjuet med Oddvar Einarson – støtta av vesentlege dokument og aktuell litteratur. Eg vil bruke diffusjonsteoriens fem stadium på mikronivå (individnivå) for å analysere kvifor ideane til Sigmund Kvaløy førte til at den unge filmfotografen og regissøren Oddvar Einarson realiserte dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* i 1972, etter ein hard kamp for å få filmen ferdig. Eg vil altså sjå på korleis filmproduksjonen utvikla seg ved å dele filmproduksjonen inn i kunnskapsstadiet, påverknadsstadiet, avgjerdsstadiet, iverksetjingsstadiet og stadfestingsstadiet.

Diffusjonsprosessen som kommunikasjonsteori går altså kort samanfatta frå kunnskap, via påverknad til avgjerd, iverksetjing og stadfesting. Opphavsmannen til diffusjonsteorien, Everett Rogers, viser til studiar frå ei rekke fagområde som stadfestar at kommunikasjonsprosessen går igjennom desse stadia, men Wahldal slår fast at ikkje all spreiding går føre seg på denne måten, og at kunnskapsstadiet og avgjerdsstadiet er betre dokumentert enn iverksetjing og stadfesting. Det er også allment godtatt at det ikkje finst ei eintydig rekkefølge frå kunnskap via kjensler til handling, og ikkje alle avgjerder i samfunnet skjer på denne måten:

Diffusjonsforskning beskriver bare spredningsprosesser der folk har mulighet for å treffe *individuelle* avgjørelser, for eksempel om de vil bruke kontaktlinser i stedet for briller. Mange viktige beslutninger i samfunnet blir fattet på andre måter. Noen er *autoritative* avgjørelser: NRK-lisensen blir hvert år fastsatt av Stortinget, og folk kan ikke selv bestemmer når de vil begynne å betale det beløpet. Andre er *kollektive* avgjørelser: Når det har vært folkeavstemming om hvilken målform som skal benyttes i kommunens skoler, har den enkelte elev og hans foreldre hatt lite å si. (Waldahl, 1999, s 144)

Ein diffusjonsprosess vil heller ikkje alltid kome i mål, han kan stoppe når som helst i kjeden. Nyvinningane kan også endre seg og tilpasse seg individet eller samfunnet gjennom prosessen – praksisen, prinsippet eller gjenstanden som blei presentert i kunnskapsstadiet, kan vere modifisert når vi kjem til iverksetjingsstadiet.

I analysen under blir dei fem stadia brukt som eit verktøy for å analysere det kvalitative intervjuet med Oddvar Einarson, og kome nærare svaret på om filmen *Kampen om Mardøla* er ein del av protestbølgja i *dei lange 1960-åra*.

Kunnskapsstadiet

- der folk får kunnskap om nyvinninga på ulike nivå: oppmerksomheitskunnskap, korleis-kunnskap og prinsipp-kunnskap.

Oddvar Einarson var sendt ut for NRK då han starta filminga av det som skulle bli *Kampen om Mardøla*. Men han visste ikkje at det var det han skulle ende opp med å lage då han reiste ut.

Det var naturleg at NRK dekte Mardøla-aksjonen. I 1970 var aksjonar slett ikkje ei nyvinning i norsk fjernsyn. Rolf Werenskjold har gått igjennom køyreplanane til Dagsrevyen i åra frå 1965-1970, og viser til at dei til saman hadde 979 innslag om demonstrasjonar ulike stadar i verda desse åra. (Werenskjold, 2011, s 259). Også i Dagsrevyen peikar 1968 seg ut som eit heilt spesielt år i dekninga av protestbølgja. Samtidig ser han eit skilje mot slutten av 60-åra og inn mot starten av 70-åra:

I Norge, som i mange andre land i slutten av 1960-årene, var protestbevegelsene og protesttemaene mange og forskjelligartet. Det går likevel et skarpt skille i kildematerialet ved årsskiftet 1969/1970. I Norge begynte den nye miljøbevegelsen å sette sitt preg på den offentlige debatten, og den første store miljødemonstrasjonen ble gjennomført i forbindelse med protestene mot vannkraftutbyggingen av Mardøla-vassdraget i Møre og Romsdal. Samtidig fikk de tidligste stadiene av den norske EEC-debatten, et stort antall arbeidskonflikter i både Norge og Sverige, samt nye opptøyer i Nord-Irland, stadig større plass på Dagsrevyens dagsorden. (Werenskjold, 2011, s 260)

Werenskjold viser også til fleire eksempel på andre sendeflater enn Dagsrevyen i NRK som dekte aksjonsbølgja. Aktualitetsprogram på både radio og TV prioriterte å dekke opprøret, og i Werenskjolds analyse konkluderer han med at NRK for alvor oppdaga protestbølgja i 1968, og sette den på dagsorden i fleire program der programleiarane ofte var grunnleggande positive til det dei oppfatta som eit ungdomsopprør. I debattprogramma var det også teikn til at programleiarane var opptatt av om fenomenet var kome til Noreg. (Werenskjold, 2011, s 263)

Det var Flimra-redaksjonen som sende 21 år gamle Oddvar Einarson til Sandgrovbotnen for NRK. I 1970 skulle ungdomsprogrammet Flimra vere eit magasinprogram for ungdom, med svært variert innhald:

Mens Flimra på 1960-tallet var et "snilt" program for hele familien, ble programmet radikalisert på 1970-tallet, og man ønsket at programmet skulle representere et alternativ til den kommersielle ungdomskulturen (Halse og Eyre-Brook 1979). Programmet og programledere som Kalle Fürst, Erling Læg Reid, Terje Mosnes og Svein Erik Børja ble kritiserte for venstrevri. (Halse & Østbye, 2003, s 149)

Kalle Fürst var ein av dei nye medarbeidarane som NRK knytte til seg mot slutten av 1960-talet, og han var med på å forme Flimra. Sara Brinch karakteriserer Fürst som ein ung radikal med bakgrunn frå universitetet og som produksjonsassistent på en spillefilm: "Sammen med produsenten Svein Erik Børja startet han i 1970 ungdomsprogrammet *Flimra*. *Flimra* var laget i magasinformat, og la formmessig retningslinjene for en rekke av ungdomsprogrammene som dukket opp senere. (Brinch & Iversen, 2001, s 193)

Fürst var altså sentral i den redaksjonen som sende Einarson til Eikesdalen. I det kvalitative intervjuet med Kalle Fürst 22.03.2017 viser det seg at han identifiserer seg med opprøra rundt i verda på den tida:

Vi startet altså i 1969. Dette var rett etter studentopprøret i 68. Så vi var jo en slags sånn liten representant for det som skjedde rundt i verden på ungdomsfronten ellers, og hadde en ganske fri stilling. Vi synes det var morsomt hver gang våre program ble tatt opp og diskutert i Stortinget og sånt noe. Og det gjorde de jo stadig vekk. Og de var overraskende liberale i NRK til å la oss få holde på med ting som provoserte mange, for å si det sånn. Så jeg husker jo at Mardøla-aksjonen kom, og vi var jo interessert i den. Og så mener jeg å huske at Oddvar kom og ville lage noe på det, og vi synest det var interessant. (vedlegg 2, s 1)

Oddvar Einarson hadde laga innslag for Flimra før, og den unge mannen var no klar for å reise til Eikesdalen, saman med studentane Trond Romstad og AG Andersen, og sin bror Sturla Einarson. Flimra-redaksjonen var som vi har sett, skulda for å vere venstrevridd, men både Oddvar Einarson og Kalle Fürst avviser uoppfordra at dei sympatiserte med marxist-leninistane.

Vi var i alle fall ikke noen ML-redaksjon, for å si det sånn. Vi var vel mer hippier og anarkister enn ML-ere. Jeg har vært medlem av et politisk parti en gang, og det var studentvenstrelaget i 1963. Det var liksom det nærmeste jeg kom en partipolitisk tilknytning noen gang i livet. Sånn var det nok med de andre også. De var mer uavhengig enn partipolitisk tilknyttet, og i den perioden så var det... altså ML-erne var enn veldig sterk bevegelse mange steder. På universitetet og en del også innenfor NRK-

systemet, men det var ikke en politisk redaksjon på den måten, men det var en opprørsk redaksjon.
(vedlegg 2, side 2)

Altså, jeg var anarkist på den tiden. Jeg var veldig i tottene på ML-erne. (vedlegg 1, s 9).

Både Einarson og Fürst er altså opptatt av at dei ikkje støtta marxist-leninistane på den tida. Sjølv om det var nettopp det mykje av kritikken mot Flimra gjekk på: "Med utgangspunkt i disse programmene hevdet organisasjonen Libertas i en rapport fra 1974 om NRK at "Rød politikk serveres i stigende doser. Kampsanger, revolusjonshymner, blandet med grufulle skildringer frå Sør-Amerika og marxistisk U-landsproblematikk er daglig kost" (Brinch & Iversen, 2001, s 192)

Men om ikkje Einarson og Fürst var marxistar definerer dei seg sjølv som anarkistar. Begge var opptatt av opprøra ute i verda – og hadde deltatt i demonstrasjonar. Einarson hadde vore til Paris i 1968, samt vore med på det han kallar mindre aksjonar i Noreg:

Jeg var en tur til Paris den tiden, under alle de studentopptøyene. Men jeg var dessverre på den tiden også litt for dårlig...jeg var ikke noe flink i språk. (vedlegg 1, side 9)

Jo, jeg kan ha vært med på små aksjoner. Jeg har vært med på sånne husokkupasjoner og sånne ting. (vedlegg 1, s 11)

I denne perioden, før Einarson tok oppdraget med å lage reportasje om Mardøla-aksjonen for Flimra, kan vi altså seie at han gjekk igjennom kunnskapsstadiet på individnivå i diffusjonsteorien. Han hadde alt vorte orientert om demonstrasjonane ute i verda gjennom massemedia og i det miljøet han var i, og dermed skaffa seg *oppmerksomheitskunnskap*. Han hadde også lært seg korleis slike aksjonar blei gjennomført (*korleis-kunnskap*), og kva prinsipp som låg bak aksjonsforma som metode (*prinsipp-kunnskap*).

Påverknadsstadiet

- der folk dannar seg ei haldning – positiv eller negativ – til nyvinninga.

Det kan nok hende at Oddvar Einarson også hadde gått gjennom delar av påverknadsstadiet i diffusjonsteorien og gjort seg opp ei meining om at protestaksjonar som metode er ei positiv nyvinning for å nå målet om å oppretthalde økosystemet, før han tok valet om å lage reportasje for Flimra i 1970. Som han sjølv seier det:

... vi følte oss veldig som en del av en bevegelse på en måte, på den tiden. Som var mot kapitalismen, og mot sånn som verden hadde vært organisert fram til da, på en måte. (vedlegg 1, side 10)

Men det er altså ikkje vasstette skott mellom dei ulike stadia i diffusjonsprosessen ifølgje Ragnar Waldahl:

Eksistensen av enkelte stadier (kunnskap og avgjørelse) er bedre dokumentert enn eksistensen av andre (iverksettelse og bekreftelse), og det er nødvendig å ha enkelte forbehold i mente. For det første er rekkefølgen mellom de tre stadiene mer variert og tilfeldig enn diffusjonsmodellen foreskriver. (s 144)

Når det gjeld den konkrete aksjonen i Sandgrovbotnen, var det *ein* spesiell person som diffusjonsteorien vil definere som *innovatør*, som blei avgjerande for utfallet av filmprosjektet til den 21 år gamle fotografen og filmskaparen Oddvar Einarson i 1970. Økofilosofen Sigmund Kvaløy Setreng var leiaren for Mardøla-aksjonen, og Oddvar Einarson hadde eit møte med han før han reiste til Eikesdalen. Det er ikkje heilt klart utifrå intervjuet med Einarson og Fürst om det var Einarson som tok kontakt med Flimra, eller Flimra som tok kontakt med Einarson for å lage innslaget om Mardøla-aksjonen. Det som er klart er i alle fall at det var to studentar i Flimra-redaksjonen som skulle opp for å lage innslaget, og at Einarson skulle vere fotograf. I ein e-post 05.04.17 svarar Einarson dette på spørsmålet om kven som tok initiativet til at han skulle reise til Eikesdalen:

Jeg var i kontakt med Sigmund Kvaløy (SMS) før jeg reiste, men så vidt jeg husker var det Flimra som da lurte på om jeg også var interessert i å hjelpe to unge studenter med noen filmopptak til et lite Flimrainnslag. Er litt usikker på hva som kom først. Muligens var det NRK som tok kontakt om de to studentene som førte til at jeg besøkte Sigmund og fikk høre mer om planene på universitetet i Oslo. På universitetet i Oslo var snm, Samarbeidsgruppa for Natur og Miljøvern aktive med planer for en Mardøla-aksjon, med Sigmund Kvaløy i spissen. Her kan mange nyanser av historien ha gått tapt.

I *påverknadsstadiet* i diffusjonsteorien formar folk ei positiv eller negativ haldning til nyvinninga. No er haldninga til den enkelte, spesifikke nyvinninga viktigare enn generelle haldningar til endring, og det er viktig korleis det nye framstår for individet. Møtet med Sigmund Kvaløy Setreng gjorde sterkt inntrykk på Oddvar Einarson, og han virka som ein *innovatør* når det gjaldt å påverke Einarson i retning av å godta tankane og haldningane bak aksjonen:

Ja, jeg hadde forbilder, på en måte. Jeg kan godt nevne Sigmund Kvaløy som et forbilde (ler). Og jeg hadde jo en del sånne filosofiske greier, jeg hadde jo lest om Gandhi og sånne ting. (vedlegg 1, s 9)

Gandhis ikkje-valdsfilosofi var sentral for aksjonsleiar Sigmund Kvaløy Setreng. Så aksjonen skulle gå fredeleg føre seg, sjølv om det var ein ulovleg aksjon der aksjonistane bolta seg fast i fjellet for å hindre lovleg arbeid. Økofilosofen meinte at styresmaktene sat fast i trua på at 1930-åras og etterkrigstidas industrivekst som "ein reddande generalnøkkel".

Han meinte at vekstspiralen måtte bli stoppa om ei omlegging av samfunnet ikkje skulle komme for seint. (Benum, 1998, s 28) Dette passa godt med Oddvar Einarsons tankar på den tida:

...jeg var veldig opptatt av å motvirke, altså at vi skulle prøve å motvirke kapitalismen, eller helst avskaffe kapitalismen. Det var disse tingene som var... Kapitalismen så jeg på som det store ondet i verden, og det som ødela mest. (vedlegg 1, s 9)

26. juli 1970 var aksjonistane på plass på anleggsområdet i Sandgrovbotnen for å hindre arbeidet med kraftverkutbygginga. I diffusjonsprosessens andre fase vart Oddvar Einarson enda meir overbevist då han gjekk saman med Sigmund Kvaløy oppover dei stupbratte fjellsidene i Eikesdalen mot Sandgrovbotnen. Flimras utsende team hadde med tungt utstyr som mellom anna lydopptakaren NAGRA og eit stort 16 mm kamera, og batteri. Ein av dei som måtte trå til for å få utstyret opp til aksjonsleiren var Sigmund Kvaløy Setreng sjølv. Og han overbeviste Einarson nok ein gong med ideane sine om korleis samfunnet burde vere:

Jeg var veldig positiv i møte med Sigmund Kvaløy, og jeg synest han hadde helt, helt rett i sin påpekning av at vi plikter å aksjonere, på en måte... at vi plikter å handle for det som er rett. ... det var helt riktig, følte jeg. Det ga meg jo ekstra grunn til å lage filmen. (vedlegg 1, s 9)

Avgjerdsstadiet

- der folk tar stilling til om dei vil avvise eller akseptere nyvinninga.

På dette stadiet i diffusjonsprosessen vert folk i stand til å avgjere om dei skal forkaste nyvinninga eller gå for det. Oddvar Einarson var sendt ut for å lage ein reportasje for Flimra. Han var 21 år, og hadde laga ein kortfilm før, samt nokre andre småting. Men han var ein urøynd fotograf. På den tida var det ikkje mange som kunne handtere eit kamera i det heile, og sjølv om Einarson ikkje hadde filma så

mykje, var det ikkje unaturleg at han vart sendt ut frå ein ungdomsredaksjon i NRK. Men studentane han hadde med seg, vart for ambisiøse for Einarson. Dei ville, i følgje Einarson, lage ei anna reportasje enn han hadde sett for seg, med meir avansert kameraføring enn han hadde kompetanse til. Dermed vart det eit møte i leiren, der Einarson la fram forslag om å lage ein film om aksjonen. Sidan aksjonen var ei større hending enn han hadde sett for seg då han reiste frå Oslo, ville han lage ein film der dei fulgte aksjonen til han var slutt:

Det ble etter en lang dags forhandlinger vedtatt å lage film om aksjonen. Så lenge den varte.

Bakgrunnen for dette møtet var også at jeg følte meg ukomfortabel med vanskelig kameraarbeid. Jeg hadde, som jeg nevnte, meget begrenset kunnskap om kamera. Kunne bruke det, men var veldig omtrentlig med lysmåler og hadde lite trening. Så jeg ville gjøre enkle ting om aksjonen. Noe helt annet enn det de unge studentene drømte om. De hadde veldig kompliserte drømmer om ... med kameraarbeid og sånt noe, som gikk meg helt over hodet. Dette gikk i retning av å utvikle en egen portrettintervjuform med enkelte av deltagerne. Så jeg vant fram... eller jeg krevde det... med å bare prøve å få med det som skjedde under aksjonen, som intervjuer om aksjonen og musikk fra leiren. Jeg satte opp en veldig klar liste over hva vi hadde lov til å ta bilder av. Fordi jeg ikke ville bruke film på dustete ting (ler). Så dette ble vedtatt som arbeidsform eller arbeidsprinsipp. Og denne formen ble fullt ut akseptert av de som hadde hatt andre planer. NRK fortsatte å støtte prosjektet med råfilm inntil et visst punkt. (vedlegg 1, s 5)

Einarson hadde no tatt ei avgjerd om å følgje aksjonen. På *avgjerdstadiet* i diffusjonsteorien tar folk stilling til om dei vil avvise eller akseptere nyvinninga. Einarson hadde blitt overbevist om at aksjonen var verdt å følgje til siste slutt, og han hadde også bestemt seg for å utvide prosjektet til å lage ein heil dokumentarfilm om aksjonen – mykje fordi han var så samd i det Sigmund Kvaløy Setreng sto for.

Iverksetjingsstadiet

- der prosessen går frå å vere av mental karakter til å kreve handling, forplikting og ansvar.

Å reise til Eikesdalen for å lage eit innslag for Flimra, var i utgangspunktet inga stor og kontroversiell forplikting for Oddvar Einarson, men når han tok valet om å bli gjennom heile aksjonen, og lage ein dokumentarfilm, vart handlingane hans meir forpliktande. Det var ikkje gitt at NRK ville halde fram med å støtte prosjektet med råfilm og kamerautstyr. Men det gjorde dei, ifølgje Einarson ei stund til, og grunnen var at det var viktig for NRK å ha folk i Sandgrovbotnen:

NRK fortsatte faktisk å støtte prosjektet med råfilm inntil et visst punkt. Aksjonen ble jo såpass berømt at det ble veldig... altså det var et skup å ha folk der oppe for NRK, altså. Men etter at aksjonen ble jaget bort av motaksjonen fra Rauma, ble det en lang pause. Da mente NRK at nok var nok, og vi måtte skaffe et nytt 16 mm-kamera som vi fikk leid. Det resulterte i noen sjøflyturer for å skaffe alt på plass – og mer råfilm. Og det kom i orden. Men det førte til noen store regninger som vi ikke kunne dekke da før vi fikk inn støtte. Vi hadde forklart at vi ventet på mer støtte til filmen. Slik var situasjonen omtrent da vi ble ferdig. (vedlegg 1, s 6)

21 år gamle Oddvar Einarson visste nok ikkje i kor stor grad han forplikta seg då han bestemte seg for å lage dokumentarfilm om *Kampen om Mardøla*. Dette steget i diffusjonsprosessen ber med seg ansvar og forplikting i stor grad. Valet han tok skulle koste han både pengar og krefter – og han meiner sjølv at skulda han opparbeida seg ga han eit dårlegare utgangspunkt for vidare karriere som filmskapar:

Ja, det gjorde det definitivt vanskelig for meg i ettertid, fordi jeg tror den gjelden ble hengende litt for lenge igjen. Og den ga meg nok et dårlig rykte som produsent. Og jeg var jo heller ikke produsent. Jeg var jo mer en, hva skal man si, en regissør som gikk egne veier hele tiden. Jeg var ikke noen god produsent. Men det var vanskelig etter... (vedlegg 1, s 11)

Det var altså så viktig for Oddvar Einarson å lage denne filmen at han satsa alt på eitt kort. Aksjonistane vart til slutt jaga vekk frå Sandgrovbotnen av politiet, og gravemaskinene overtok. Kampen om å berge Mardalsfossen frå utgygging var tapt. Tilbake i Oslo hadde han mykje gjeld, lite støtte, og mykje råopptak som det ville koste pengar å realisere. NRK ville ifølge Einarson sjå materialet, men ville ikkje betale rekningane for sjøfly og leige av kamerautstyr. Arbeidet med å søke støtte var i gang, og 28. august 1970 viste Einarson og teamet hans råopptaka for interesserte finansiørar og filmbyråkratar i Oslo kinematografers prøve kino. Det var mange som kom, og NRK hadde folk der. Dette kunne blitt point of no return for *Kampen om Mardøla*. Einarson beskriv visninga som ei "skjelsettande visning med store etterverknader":

Materialet som ble vist den gangen i Oslo kinematografers prøve kino – i et slags forsøk på å prøve å få videre støtte til filmen – det var helt uten lyd, det var bare bilder, og det var overeksponert og undereksponert og et overnervøst, veldig bevegelig kamera, som bare av og til befant seg på stativ. Her var det at Elsa Brita Marcussen avfeide filmen, med at vi først måtte lære oss å bruke filmkamera. Det var en massiv og unison fordømmelse av materialet. Det var urolige og teknisk utilfredsstillende opptak. Overeksponert og undereksponert. Bilder som skrek etter stativ. Vi ble

fortalt at det var en frekkhet å komme med dette hjelpeløse materialet og tro at man kunne få støtte. Ingen hjelp å få. Dette kunne ikke bli film, var dommen. Forhandlingene med NRK gikk også i svart rett etter dette. NRK vedtok å legge ned prosjektet. Så det var tøffe tilstander. Da stilte vi et motkrav til NRK. Honorar for det arbeidet vi hadde nedlagt, eller at vi fikk full tilgang til negativer til eget bruk. Og det fikk vi. Kontraktskontoret i NRK kan nok ha mer om dette. Det var ikke noe vanskelig å få full bruksrett til negativene til eget bruk, etter den fullstendige slakten det hadde fått (ler). Det gikk veldig greit. (vedlegg 1, s 6)

Einarson trudde knallhardt på sitt eige materiale, men skjønnte at det var umuleg for dei som såg filmen å våge å satse pengar på prosjektet etter visninga av råmaterialet. Men i det minste hadde NRK gitt dei rettane til materialet. Det Einarson no sat att med var stor gjeld og mykje råopptak. Det ville no vere nærliggande å gi opp, men filmskaparen hadde så sterk tru på opptaka han sat med, samtidig som det var viktig for han å få ut budskapet. Sigmund Kvaløy Setereng og hans støttespelarar var også svært interesserte i at det skulle bli film om aksjonen:

Bjørnset: Kva var det som motiverte deg til å fullføre filmen. Du møtte jo veldig mykje motstand...

Einarson: Det var faktisk Sigmund Kvaløy og bevegelsene og ideene de sto for altså. Det var det. (vedlegg 1, s 10)

Einarson føler altså ei forplikting i å fortelje verda om Mardøla-aksjonen, og er villig til å gå langt for å fullføre filmprosjektet.

Stadfestingsstadiet

- der det framleis skjer endringar.

Her kunne Oddvar Einarson valt å legge vekk filmrullane, og gå vidare til eit anna prosjekt, men det gjorde han altså ikkje. *Kampen om Mardøla* vart realisert. Rett etter filmvisninga sette Einarson seg ned for å klippe, og dei fekk etter kvart inn litt støtte til prosjektet. Men ikkje nok til å fullføre *Kampen om Mardøla*. Dette førte til at Einarson til slutt trua med å brenne det historisk viktige råmaterialet framfor Stortinget - for å få fri til å ta fatt på andre oppgåver – om ikkje det kom støtte til å fullføre filmen innan ei viss tid (Brinch & Iversen, 2001, s 181) Då kom støtta han trengte for å fullføre filmen – Oslo Kinematografer og Norsk filminstitutt bevilga til slutt 25 000 kroner kvar og filmen kunne bli ferdig.

I diffusjonsteoriens siste stadium kan du forkaste ideen, eller du kan stadfeste den. Einarson stadfesta i høyeste grad at han trudde på at prosjektet hans var viktig nok til å bli fullført. Filmen hadde premiere på kino, 17. april 1972, og hadde før det blitt vist til stor begeistring i Eikesdalen. Filmen skapte debatt og blei skulda for å vere for subjektiv av fleire aviser, men nokre var også positive til filmen (Brinch & Iversen, 2001, s 182). Einarson var fornøgd med at filmprosjektet endeleg var ferdig, og at han skapte debatt like før EF-avstemminga 25. september 1972:

Det var mye i Norge rundt visningen av denne filmen på den tiden. Veldig mye i avisene overalt. Og den gikk veldig bra på kino. Den fikk i det hele tatt en fantastisk mottakelse. I Aftenposten hadde vi to anmeldelser. Det var en filmanmeldelse som var veldig positiv, mens en politisk anmeldelse slaktet filmen og sammenlignet meg med Goebbels. (ler) (vedlegg 1, s 8).

Gunnar Iversen meiner Kampen om Mardøla er ein ny type dokumentarfilm i norsk samanheng: "Ikke siden mellomkrigstidens arbeiderfilm hadde man sett en engasjert, politisk og sterkt samfunnskritisk dokumentarfilm." (Brinch & Iversen, 2001, s 178) Men Iversen slår også fast at fråveret av journalistisk objektivitet skapte debatt om dokumentarfilmens rolle: "Noen hyllet Einarsons innsats, andre kritiserte ham for politisk kvasipropaganda."

Oddvar Einarson legg altså ikkje skjul på at den viktigaste grunnen til at han ville ha filmen ferdig, var at Sigmund Kvaløy Setereng og dei andre aksjonistane hadde så stor interesse av dette. Filmen er subjektiv, og på denne måten kan vi nok hevde at Kampen om Mardøla er ein del av sjølve Mardøla-aksjonen, med eit sterkt motiv om å få ut aksjonistane sin budskap. Einarson vil likevel slå fast at filmen hans er sann:

Filmen fremfører meninger. Den fremfører synspunkter. Den fremfører en... men jeg mener det er noenlunde riktig alt det vi påstår om ting. Vi går ikke over... Altså, jeg prøver ikke å lage "fake news" på en måte, det er ikke det... Jeg mener jeg har dekning for alle tingene som sies i filmen. Altså, det er jo noen koblinger som er ganske selvfølgelig, som det at når jeg kobler Vietnam og norske aluminiumsverk, så er det jo å trekke tingene ganske langt. Men det er på en måte dekning for det. Det følte jeg da, og det synes jeg er riktig nå også. (vedlegg 1, s 10)

Kvifor sende ikkje NRK filmen?

Det var altså NRK som sende Oddvar Einarson til Sandgrovbotnen. Men NRK har aldri sendt Kampen om Mardøla. I denne delen av oppgåva vil eg forsøke å finne grunnen til at filmen ikkje er blitt sendt på NRK, og kva som vil skje vidare med filmen som historisk dokument.

Subjektiv systemkritikk og objektivitetskravet i NRK

Kampen om Mardøla er beskriven som partisk og objektiv. I analysen over, slår eg også meir eller mindre fast at filmen er ein del av aksjonen, eit talerøyrt for ideane og måla til aksjonistane i Sandgrovbotnen i 1970, og aksjonsleiar Sigmund Kvaløy Setreng var ganske sikker i si sak om at dette er grunnen til at NRK ikkje har sendt filmen. I eit innlegg i Dagbladet i 2001 skreiv Setreng dette:

Jeg synes nå – ved avslutningen av denne strevsomme prosessen – at tiden er kommet for NRK til å sende Oddvar Einarsons film Kampen om Mardøla. Den er elveaktivismens klassiker og et epokehistorisk dokument. Opp gjennom årene har NRK avvist fleire henvendelser om å sende den – antagelig pga. dens krasse angrep på "systemet" og kanskje også på grunn av dens fattigmanspreg." (Brinch & Iversen, 2001, s 179)

Også Oddvar Einarson sjølv trur det er det subjektive ved filmen som gjer at NRK ikkje ville sende den:

NRK, da, de ville jo fortsatt ikke vise filmen. For nå var den jo slett ikke objektiv. Og den gikk jo helt i fletta på alle sånne objektive krav som (ler) fantes i verden. Og NRK var på den tiden VELDIG, veldig opptatt av å være objektiv. Så det var helt utelukket at denne filmen kunne vises på NRK. (vedlegg 1, s 8)

Og programreglane til NRK frå 1967 slår rett nok fast at dei skulle vere objektive og balanserte i nyheitsdekninga si. Ketil Jarl Halse og Helge Østbye slår i Norsk kringkastingshistorie fast at grupper som sympatiserte med venstresida i politikken var overrepresenterte blant dei mange som vart tilsette i NRK frå 1960 og utover (Halse & Østbye, 2003, s 167). Representantar frå høgresida hadde lenge meint at dekninga til NRK var for "venstrevridd", og frå 1970-talet slutta også Arbeiderpartiet seg til kritikken, mellom anna på grunn av angrep på leiinga i fagrørsla og kritikk av USA og Israel. Men NRK hadde programreglar som skulle sikre ei "objektiv" dekning i nyheitsredaksjonane. NRKs styre fastsette i 1967 eit sett av publiseringsreglar for nyheitene og reglane peika på at NRKs status som monopol sette krav til institusjonen om "korrekt, objektiv, nøktern og allsidig nyheitsformidling." Det var likevel diskusjonar innad i NRK om objektivitetskravet, og fjernsynsjournalist og lyrikar Bjørn Nilsen skreiv ei

heil bok om at objektivitet i nyheitsformidlinga ikkje var muleg, og at det til og med kunne vere skadeleg (Halse & Østbye, 2003, s 167). Men reglane om objektivitet i NRK var altså klare, og det er ikkje umuleg at dokumentarfilmen vart for subjektiv for NRK – spesielt sidan samfunnsdebatten denne tida (også) i sterk grad handla om at NRK var for venstrevridd i dekninga si.

Men det var altså ungdomsmagasinet Flimra som hadde gitt Einarson oppdraget i utgangspunktet. Og i den redaksjonen var det friare tøylar. Kalle Fürst, som var sentral i Flimra den gongen, vil ikkje slå fast sikkert kvifor NRK ikkje sende dokumentarfilmen då han var ferdig, men han trur rett og slett det handla om timing og format. Han avviser at filmen kunne bli for subjektiv for Flimra:

Nei, det tror jeg ikke. Altså Oddvar lagde jo en god del ting for oss senere, som var vel så subjektive som det altså. Så da passet den i alle fall ikke inn i vår sendetid. For vi hadde en sendetid på 55 minutter. Så det mener jeg. Sånn som jeg husker det...og det var gått et par år...så det mener jeg, vi kunne gjerne ha sendt det, men, jeg kan ikke se at den var mer subjektiv enn de andre tingene som vi kjøpte av Oddvar

... Altså for det første tok det lang tid før den ble ferdig, og når den ble ferdig så ble den jo alt for lang for vår sendetid. (vedlegg 1, side 1)

Det er nok dermed ikkje sikkert at filmen vart for subjektiv for alle redaksjonane i NRK, men format og tida det tok å få filmen ferdig, kan også ha spelt ei rolle i avgjerda om at NRK ikkje skulle sende filmen. Gunnar Iversen meiner NRK si avvisande haldning til prosjektet var mistenkeleg (Brinch & Iversen, 2001, s 181), men om ein ser på alle faktorane som spelte inn, er det kanskje ikkje så rart at NRK trekte seg ut av prosjektet den gongen.

Sigmund Kvaløy Setreng meinte altså i 2001 at det var på høg tid at NRK sendte Kampen om Mardøla. Han viste til at filmens globale perspektiv var meir aktuelt då, enn i 1970. Spørsmålet han stilte var: "Kunne ikke tredve år være historisk passe?" (Brinch & Iversen, 2001, s 179). Det viste seg at tretti år ikkje var nok, men no når det nærmar seg 50 år sidan aksjonen i 1970, ser det ut til at filmen vil bli gjort tilgjengeleg av NRK. Nasjonalbiblioteket er i ferd med å digitalisere filmen, og NRK har igjen sikra seg rettane til prosjektet dei starta for 47 år sidan:

14.09.2015, solgte jeg alle visningsretter til Kampen om Mardøla-filmen til NRK for 125 000 kroner. Slik at NRK endelig har fått filmen de jo vitterlig var med å sette i gang. Så den reisen er avsluttet. (intervju med Einarson, side 8)

Kva NRK vil gjere med filmen dei no har sikra seg rettane til (vedlegg 6), er ikkje klart, men dagens kanalsjef i NRK2, Fredrik Færden svarar dette på spørsmålet i ein e-post 28.04.2017: "Det er ikke foreløpig bestemt når vi sender den og i hvilken sammenheng, vi venter fortsatt på digitalisering hos Nasjonalbiblioteket. Men den kommer nok til å bli tilgjengeliggjort både på lineær-tv og på NRK TV (nettspilleren)." Det kan altså sjå ut til at 45 år er nok til at NRK kan sende filmen som ikkje passa inn i flatene til kanalen, og kanskje var både for subjektiv og hadde eit for rått uttrykk då han endeleg vart ferdig i 1972.

3. Oppsummering og konklusjon

Innledningsvis i denne oppgåva stilte eg tre spørsmål som eg har analysert og drøfta i hovuddelen. Eg vil no oppsummere funna i analysen og drøftinga, ved å svare på dei tre underspørsmåla punkt for punkt. Til slutt vil eg svare på hovudproblemstillinga for denne oppgåva.

Mardøla-aksjonen og opprørsbølgja

Den første problemstillinga var: Kvifor kan vi sjå på Mardøla-aksjonen i 1970 som ein del av opprørsbølgja? Svaret på dette spørsmålet er sjølvsagt avhengig av korleis vi definerer opprørsbølgja i dei lange 1960-åra. Sjølv om det er 1968 som står fram som det året med klart flest protestar, viser forskingslitteraturen på emnet altså til ei bølgje av opprør som starta på 50-talet og varte til tidleg 70-tal. Vi kan difor slå fast at Mardøla-aksjonen fann stad innanfor denne tidsepoken, og dermed hevde at protesten oppe på fjellet i Romsdal var ein del av opprørsbølgja. Aksjonen hadde også sitt utspring frå studentmiljøet og det akademiske miljøet, som ein stor del av dei globale aksjonane denne perioden. Det vart også nytta politimakt mot demonstrantane – og aksjonen fekk brei mediedekning. Det er heller ikkje slik at alle opprøra i denne perioden var valdelege, eller reine generasjonsopprør. Werenskjold meiner den globale opprørsbølgja som toppa seg i 1968 ikkje har éi dominerande kjerne, men at opprøret er som ein blomsterløk der dei mange delane av løken som heilheit og jordsmonnet den blei planta i ga evna til blomstring: "eller sagt på annan måte; bidro til de mange variantene i de forskjellige land."(Werenskjold, 2011, s 282-283). Det er mange faktorar som talar for at Mardøla-aksjonen var ein del av denne bølgja. Kampen for Mardøla-vassdraget kom heilt mot slutten av opprørsbølgja - samtidig var aksjonen starten på noko nytt– det var den første aksjonen der det vart brukt sivil ulydnad i kamp om natur her i landet. Rolf Werenskjold har også funne eit tydeleg brot i Dagsrevyen si dekning av protestane i 1969/1970 då den nye miljørørsla starta å sette sitt preg på den offentlege debatten. Mardøla-aksjonen var ein del av dette (Werenskjold, 2011, s 260).

Kampen om Mardøla som del av aksjonen

Det andre spørsmålet er knytt til regissør Oddvar Einarson si rolle: Korleis blei dokumentarfilmen Kampen om Mardøla ein del av aksjonen? I denne delen av oppgåva valde eg å analysere intervjuet utifrå dei fem stega i diffusjonsteorien, for å vise korleis Einarson i stadig større grad vart ein del av aksjonen han var sendt ut av NRK for å dekke.

Eg meiner diffusjonsteoriens fem stadium fungerte godt som analysereiskap i denne samanhengen, sjølv om dette ikkje er ein tradisjonell måte å bruke diffusjonsteori på. Teoriar kan hjelpe oss å stille dei rette spørsmåla for å kome nærare svaret på kvifor noko skjedde. Det er ikkje slik at svara dermed er endelege, men vi kan slå fast at analysen av intervjuet med Einarson viser at han i stadig større grad vart ein del av aksjonen, og at filmen han laga ber preg av kva side han står på i denne konflikten. Han er også sjølv klar på at det er viktig for han å få fram verdiane og argumenta til aksjonsleiar Sigmund Kvaløy Setreng.

Rolla til NRK

Det tredje spørsmålet som vart stilt i innleiinga var dette: Kvifor sende ikkje NRK filmen?

Det logiske svaret på dette spørsmålet er at filmen vart ein for stor del av Mardøla-aksjonen. NRK kan ha trekt seg ut av samarbeidet fordi dei oppdaga at Einarson sympatiserte med aksjonistane og at filmprosjektet dermed hadde vorte ein del av argumentasjonen til aksjonistane. Dette var sjølv sagt sterkt i strid med det sterke objektivitetskravet i NRK.

Samtidig viser det seg at Einarson har levert fleire såkalla subjektive innslag til NRK tidlegare, og at redaksjonen Flimra sto relativt fritt til å sende radikalt innhald på den tida. Det kan difor vere nærliggande å tru at NRK hadde sendt Einarson sin produksjon, subjektiv eller ei, dersom han hadde gjort det han skulle då han blei sendt ut: lage eit magasininnslag til Flimra om aksjonen.

Den famøse framsyninga av lange strekk med råfilm utan lyd då det unge filmteamet var tilbake i Oslo, gjorde nok heller ikkje situasjonen lettare når det gjaldt å selje inn filmen til NRK. Finansieringsproblema som fulgte gjorde at filmen ikkje blei ferdig før to år etter aksjonen, og tidsaspektet kan nok også ha spelt ei rolle for NRK. Feil tidspunkt, feil format og for subjektiv kan dermed tenkast å vere hovudgrunnane til at NRK ikkje ville sende filmen. Det er vanskeleg å konkludere sikkert på bakgrunn av empirien og teorien i denne oppgåva, og dette er ei svakheit ved arbeidet. Dette er likevel ikkje avgjerande for å kunne svare på hovudproblemstillinga.

Det er uansett ikkje feil å slå fast at Einarson og etter kvart dokumentaren si sterke binding til aksjonen, var ei medverkande årsak til at filmen ikkje blei sendt på NRK. Tvert imot, så ga dei Einarson rettane til råmaterialet gratis. Men no har altså NRK kjøpt tilbake rettane av Einarson, og planlegg å sende filmen på linelær TV og gjere han tilgjengeleg digitalt.

Konklusjon: Kva knyter *Kampen om Mardøla* til protestbølga?

Hovudproblemstillinga som blei stilt i starten av denne oppgåva er: Kva knyter dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* til opprørsbølga i dei lange 60-åra?

For det første har vi slått fast at dei globale opprøra var meir enn 1968. Dei toppa seg dette året, men dei lange 1960-åra viser til ei global opprørsbølge frå 1950-talet og inn i tidleg 1970-tal. Mardøla-aksjonen skjedde i 1970 og er dermed innanfor denne tidsperioden.

For det andre var dei globale opprøra av forskjellig art. Det er ikkje berre store studentopprør og valdelege aksjonar i denne bølga. Mardøla-aksjonen i 1970 var ein ikkje-valdsaksjon, men aksjonen var ulovleg. Målet til aksjonistane var å hindre gjennomføringa av eit lovleg politisk vedtak, og som ved fleire av dei mest kjende aksjonane, vart også denne møtt med politimakt. Drøftinga av det første spørsmålet eg stilte i starten viser at sjølv om Mardøla-aksjonen var starten på den nye miljørørsla i Noreg, er det også dekning for å hevde at aksjonen var ein del av protestbølga i dei lange 1960-åra.

Men kva så med filmen? Dei sterke bindingane filmskaparen fekk til aksjonsmiljøet, gjer at også filmen i seg sjølv kan definerast som ein del av aksjonen. Filmskapar Einarson hadde også vore med på andre protestaksjonar før, og han var sendt ut frå eit redaksjonsmiljø som såg på seg sjølv som anarkistar – det same gjorde Einarson. Analysen av intervjuet med Einarson viser at det etter kvart vart viktigare for han å få ut budskapet til aksjonistane og historia til aksjonen, enn å fullføre oppdraget han hadde fått av ungdomsredaksjonen Flimra i NRK. Einarson si kopling til aksjonen og protestbølga vart dermed ei av årsakene til at NRK ikkje sende den ferdige filmen i 1972.

Dokumentarfilmen *Kampen om Mardøla* er altså ein protestfilm med ein klar agenda som samsvarar med aksjonistane sin agenda. Men filmen er ikkje berre eit subjektivt debattinnlegg. Kampen om Mardøla var noko heilt nytt i norsk dokumentarfilmhistorie, både i form og innhald. Dette er ein protestfilm som er sterkt knytt til opprørsbølga i dei lange 1960-åra, men dokumentarfilmen er samtidig starten på noko nytt, og sjølv om NRK aldri har vist filmen, klarte Oddvar Einarson å skape sterk debatt frå kinolerretet fram mot EF-avstemminga i 1972.

Litteraturliste

- Benum, E. (1998). *Overflod og fremtidsfrykt 1970-* (Vol. 12). Oslo: Aschehoug.
- Brinch, S., & Iversen, G. (2001). *Virkelighetsbilder - Norsk dokumentarfilm gjennom hundre år* (1. ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Einarson, O. (Regi). (1972). Kampen om Mardøla. In O. Einarson. Norge.
- Halse, K. J., & Østbye, H. (2003). *Norsk kringkastingshistorie* (1. utgåve.). Oslo: Det norske samlaget.
- Hobsbawm, E. (1997). *Ekstremismens tidsalder - det 20. århundrets historie, 1914-1991* (Norsk utgave ed.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Industridepartementet. (1970). *Samtykke til statsregulering for utbygging av Eikesdal/Grytten kraftanlegg*. (St. prp. nr. 42. 1969-1970). Retrieved from https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Stortingsforhandlinger/Lesevisning/?p=1969-70&paid=2&wid=a&psid=DIVL538&pgid=a_0229.
- Industrikomitéen. (1969-1970). *Innstilling fra industrikomitéen om samtykke til statsregulering for utbygging av Eikesdal/Grytten kraftanlegg*.
- Kjeldstadli, K. (1992). *Fortida er ikke hva den en gang var, En innføring i historiefaget* (4. opplag 1997 ed.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Stortingstidende. (1969- 1970). Stortingsforhandlinger 1969-1970. In.
- Waldahl, R. (1999). *Mediepåvirkning* (2. utgave 1999, 6. opplag 2008 ed.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Werenskjold, R. (2011). *That's the Way it is?*
- Medienes rolle i proteståret 1968* (1. ed.). Oslo: Universitetet i Oslo, Det humanistiske fakultet
- Østbye, H., Knapskog, K., Helland, K., & Larsen, L. O. (2002). *Metodebok for mediefag* (1. ed.). Bergen: Fagbokforlaget.

Vedlegg

Vedlegg 1: Transkribert intervju Oddvar Einarson

Vedlegg 2: Transkribert intervju Kalle Fürst

Vedlegg 3: Intervjuguide Einarson

Vedlegg 4: Kontakt-epost Einarson

Vedlegg 5: Kontakt-epost Fürst

Vedlegg 6: Kontrakt NRK

Transkribert kvalitativt intervju med Oddvar Einarson, torsdag 16. mars 2017

Bjørneset: Eg vil gjerne finne ut mykje om kvifor du laga den filmen, kva som motiverte deg.

Einarson: Riktig.

Bjørneset: Eg vil berre fortelje litt no før eg startar å spørje...

Einarson: Ok.

Bjørneset: Eg lurar på kva det var i samtida som gjorde at denne filmen blei laga.

Einarson: Ja, det er en ganske rar historie. Så det kan jeg fortelle om.

Bjørneset: Så bra. Er det greit at eg siterer deg med fullt navn i oppgåva?

Einarson: Jada.

Bjørneset: Ja, for ellers blir det litt rart sidan det er du som har gjort det meste med filmen. Men då startar eg med litt meir faktaspørsmål, og så går eg inn på andre spørsmål etter kvart.

Einarson: Ok

Bjørneset. Då er vi i gang. Kan du fortelle når du er fødd?

Einarson: Når jeg er født? Det er 07.02.49, altså 1949-.

Bjørneset: Kor er du fødd?

Einarson: Jeg er født i Oslo, men jeg ble flyttet veldig raskt til Hommersåk. Lenge før jeg var ett år. Da jeg var et halvt år omtrent. Da flyttet vi til Hommersåk i Rogaland. Det ligger like i nærheten av Stavanger.

Bjørneset: Var det der du vokste opp?

Einarson: Ja, der vokste vi opp, delvis. Min mor var veldig mye syk, og ble lagt inn på asyl den tiden, faktisk. Det var veldig trist.

Bjørneset: Ja, det kan eg tenke meg.

Einarson: Min far var karikaturtegner som reiste rundt i hele norges land, og tegnet folk - med forskjellige husbiler.

Bjørneset: Var du med på reisene?

Einarson: Ja, jeg var ofte med på de bilturene. Det var jo min mor også av og til, da, når hun var frisk. Men da jeg var seks år gammel, så havnet min mor på asyl. Min far måtte fortsette å arbeide, så vi ble satt bort til noen trivelige folk. Jeg og min yngre bror Sturla, måtte bo oss. Mens en annen i slekten, min

eldste bror Eldar, han havnet i Skiptvedt. Og etter mange – det tok litt tid, da med all den sykdomsgreia hennes – men jeg ble sendt tilbake til Oslo for å bo hos min mor, da, når jeg skulle begynne på skole, og da begynte jeg på Steinerskolen. Da bodde jeg oppe på Eiksmarka i Oslo.

Bjørneset: Kor gammel var du då? Når du begynte på skulen?

Einarson: Nei, da var jeg. Altså, jeg begynte faktisk rett i andreklasse fordi jeg måtte få privatundervisning i 1. klasse siden jeg ikke hadde noen skole. Men jeg begynte i 2. klasse på Steinerskolen.

Bjørneset: Kva anna skulegang har du?

Einarson: Hm?

Bjørneset: Etter Steinerskolen, tok du meir utdanning?

Einarson: Nei, altså jeg gikk aldri ferdig Steinerskolen. Vi flyttet... Hele familien flyttet til Kragerø. Sånn 1960 omtrent, eller kanskje 1959, nei jeg tror det var 1960, eller 61. Da begynte jeg på skole i Kragerø, og gikk ferdig på barneskolen i Kragerø, og så tok jeg realskole i Kragerø, og da ga jeg ut en skoleavis mens jeg gikk på realskolen. Den kom ut i to omganger. Den var ganske populær. Men. Og i den tiden, så skulle Arne Skouen lage en film i Kragerø om sin datter Synne Skouen. De kom da ned til Kragerø, og da fikk jeg jobb som en slags koordinator, eller noe sånt noe. Og da måtte jeg også spille i filmen, men det ville jeg ikke. Men da ble det sagt at har jeg først sagt A, så må jeg også si B. (ler) Jeg ble tvunget til å være leder for en ungdomsgjeng, noe ungdom de hadde samlet. Og det likte jeg ikke. Og da skulle jeg gå igjennom skog mot et sted hvor de hadde satt ut masse møbler i en skog, det var Erik Bye som var med på dette her, faktisk. Han var sjåfør i den bilen som Synne Skouen satt i med en møbellast. Men så skulle jeg finne den møbelhaugen og lede de ungdommene fram til den. Og da fikk jeg en filmreplikk hvor jeg skulle si: se der! Jeg syntes det var en tåpelig replikk. Men jeg måtte gjøre det. Og da gikk jeg frem for de ungdommene, og så sa jeg: se der! Og da fikk jeg kallenavnet "Seder" i Kragerø, etter det, (ler)

Bjørneset: Kor lenge varte det kallenavnet, da?

Einarson: Nei, det varte vel ikke så veldig lenge, for etter den tiden der, så traff jeg Arild Kristo på settet. Som var en norsk eksperimentell filmskaper. Og jeg bestemte meg for å begynne med film ganske fort etter det (ler).

Bjørneset: Etter at du blei tvungen til å bli skodespelar?

Einarson: Ja, nei, jeg ville ikke være skuespiller, jeg er ikke noen god skulespiller, tror jeg. Men jeg dro i alle fall inn sammen med filmteamet når de var ferdige – til Oslo. Og det var i...196...jeg tror det var i 1967, på tampen...tidlig i 1967, ja. Da fikk jeg lånt et 16-mm kamera og lagde min første kortfilm. Og den het Odysse 68.

Bjørneset: Kor gammel var du då?

Einarson: I 1968 så var jeg vel 19 år faktisk, men den ble spilt inn i 67, den filmen.

Bjørneset: Og det var fiksjon?

